

Protokoll Regionrådet Nordhordland – fredag 20. mars

Møte: 2-2020 (ekstraordinært møte grunna koronasituasjonen)
Tid: Fredag 20. mars kl. 11:00 - 12:15
Stad: Møtet vart gjennomført på Teams

Deltakarar:

Ordfører:	Karstein Totland, Per Lerøy, Kjetil Eikefet, Hallvard Oppedal, Sara Sekkingstad, Stian Herøy, Lars Fjeldstad
Rådmenn:	Reidun Halland, Liv Løvik, Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen, Jo Bjarte Tømmerbakke, Ingvild Hjelmtveit, Gjermund Hagesæter
NUI:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Sak 16/20: Baste Tveito, dagleg leiar i Nordhordland Næringslag
Forfall:	Ingen

Sak 15/20	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 16/20	<p>Oppdatert status frå kommunane om Koronasmitten og eventuelle felles tiltak i regionen</p> <p>Baste Tveito, dagleg leiar i Nordhordland Næringslag, gav nærare orientering om bakgrunn for situasjonen i næringslivet. Han hadde også vore i kontakt med næringslivet i Osterøy. Koronasmitten og dei tiltaka som er satt i gang med mellom anna stengte skular og minimalt med handel gjer at store delar av næringslivet opplever ein svært krevjande situasjon med full stopp i omsetnaden. Nordhordland Næringslag har på vegne av sine medlemmer meldt inn desse spørsmåla på vegne av sine medlemmer:</p> <p>Konkret har næringslivet behov for at kommunane avhjelper den akutte likviditetssituasjonen slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ <i>Ordning for utsetjing av kommunale avgifter og skatt.</i> Her bør kommunane ha mest mogeleg felles tilnærming. ▪ <i>At løpande driftskontraktar (vasking, skulekøyning mm) som ikkje vert utført eller kun delvis blir utført, kan fakturerast som om at tenestene blir utført (normalmånad).</i> Dette er kostnadar som er budsjettert, kommunane bør ikkje tena på dette når bedriftene går konkurs. ▪ <i>Ordning for utsetjing av leigekostnadar der kommunen er utleigar til bedrifter.</i> I nokre kommunar kan det vera aktuelt å vurdera, usikker på omfanget. ▪ <i>At pågåande kontraktar løper som normalt der sjukdom eller nasjonale begrensningar ikkje stoppar dei</i> <p>Pågåande prosjekt som kan gå, må ikkje stoppa opp. Det er også det som er praksisen rundt i kommunane. Den strategien må me fortsette med. Tveito viste til ei undersøking til medlemsbedriftene om stoda, den vil bli publisert på heimesida. Dei viktigaste funna vart orientert om. Meir enn halvparten melder om at situasjonen vil føra til dramatiske konsekvensar.</p> <p>Når det gjeld ordning med ordning for utsetjing av kommunale avgifter og skatt, så er det viktig at dersom dette er aktuelt, så må det bli tydeleg kommunisert.</p>

	<p>Signala frå kommunane:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Alver vil senda ut rekningar som vanleg. Dei som har betalingsproblem, vert oppmoda om å ta kontakt. Det er informert om det på heimesida. Kommunen har så få leigetakarar at ein kan ta direkte kontakt. ▪ Austrheim kan fort få likviditetsproblem dersom inntektene ute blir. Oljekrisa forsterkar problema i det lokale næringslivet. Det er viktig at oljekrisa no ikkje vert gløymt i det totale biletet. Dette må kommunane fortelja til sentrale styresmakter. ▪ Gulen har vore i kontakt med mange bedrifter. Det er dei små og reiselivsbedriftene som slit særskilt. Kommunen vil signalisera at dei som har problem kan få utsett frist for innbetaling. Kommunen vil vurdera om det lokale næringsfondet kan nyttast. ▪ Fedje har dialog med næringslivet og vurderer fortløpande naudsynte grep. ▪ Modalen har vore i dialog med det næringslivet som kan slita. Vil vurdera ulike tiltak. Det lokale næringslivet har blitt bedt om å ta kontakt med kommunen dersom det oppstår problem. ▪ Osterøy fylgjer same line som i Alver, fakturerer på vanleg måte. Dei som har problem vert oppmoda om å ta kontakt. Har om lag 200 permitterte i det lokale næringslivet. Vil sjekke med Fjordslottet og Raknestunet om dei har kapasitet til å ta i mot bebuarar som ikkje har behov for pleie, det vil avlasta Osterøytunet. <p>Vedtak: Det bør ein felles mal på skriv der kommunane gir signal om at dei som har problem med å betale kommunale avgifter tek kontakt med kommunen og ber om utsetjing av betaling. Osterøy sitt skriv kan vera utgangspunkt for ein slik mal.</p> <p>Etter møtet mottak me denne e-posten frå Baste Tveito i Nordhordland Næringslag: <i>Viser til ekstraordinært møte i Regionrådet fredag 20 mars. Undertegnede hadde til hensikt å ta opp en sak under eventuelt men dette ble uteglemt, derfor denne epost: I disse tider opplever vi forskjellig praksis i kommunene hva gjelder saksbehandling og politisk behandling av byggesaker/reguleringer. I noen kommuner er alle møter i planutvalg utsatt/avlyst. Næringslivet er opptatt av å opprettholde mest mulig aktivitet og ikke minst komme raskt opp i full aktivitet etter at restriksjonene for COVID 19 er opphevet. Vi ber derfor om at både administrativ og politisk behandling (planutvalg) går som normalt eller aller helst akselereres i hele regionen.</i></p>
Sak 17/20	<p>Legevakt og ØHD</p> <p>Osterøy og andre kommunar har reagert på for dårleg informasjon om bl.a. nedlegging av enkelte tilbud, og det er meldt om pasientar som er blitt avvist. Kommunane må takast med på dialog og råd dersom det skjer endringar i tilbudet som legevakt og ØHD gir.</p> <p>Ørjan Raknes Forthun var tydeleg på at det er ingen endringar i det tenestetilbodet som legevakta gir, samarbeidsavtalen gjeld. Det som er utfordringa er at det over tid har vore eit høgt sjukefråver ved LV, og det er no ytterlegare forsterka. Det har derfor vore ei utfordring med å ha høg nok bemanning.</p> <p>Forthun beklaga dersom det har vore dårleg informasjon og oppstått misforståingar. Han ber om at rådmennene tar direkte kontakt til han dersom det er ting framover.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ein har ut frå ei fagleg vurdering stansa inntaket av nye pasientar på ØHD ▪ Testing av koronasmitte skjer i kommunane

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ein har avgrensa kontakt brann og redning evt. har med pasientar som kan ha koronasmitte. Dette gjeld ikkje når det er snakk om liv og helse ▪ Alle innbyggjarar tilhøyrande Nordhordland legevakt skal handsamast likt, det er ingen forskjell mellom kommunane <p>Austrheim bad om å få ein skrifteleg sak om kva som vert levert. Forthun svara at samarbeidsavtalen gjeld.</p> <p>Osterøy meldte om at det har vore trøbbel med 116 117, dette skal vera ordna.</p> <p>Gulen har laga eit skriv der ekspedisjonen svarar slik når hyttefolk tar kontakt: <i>«Vi har no ein nasjonal dugnad for å hindre smitte, og alle tiltak som vert innført er for å hindre at smitten spreier seg. Alle må difor spørje seg sjølv. Er det strengt tatt nødvendig at eg ser til hytta akkurat no? Forskrifta seier at : «Personer forbys å overnatte på fritidseiendom i annen kommune enn der vedkommende er folkeregistrert. Strengt nødvendig vedlikehold eller tilsyn som er nødvendig for å avverge store materielle skader tillates.»</i></p>
Sak 18/20	<p>Vedr innspel til NTP 2022-2033</p> <p>Det vises til innspelsmøtet som var 19. februar som grunnlag til Vestland fylkeskommune sine innspel til NTP 2022-2033.. Fylkesordførar har invitert til eit nytt innspelsmøte 27. mars, og frist for å gje skrifteleg innspel til fylkeskommunen er 3. april.</p> <p>Statens vegvesen sendte denne veka inn sine prioriteringar til NTP 2022-2033. Kort sagt er ikkje E39 Vågsbotn – Klauvaneset nemnt med eit ord.</p> <p>Regionrådsleiar og dagleg leiar viser til at andre prosjekt i Hordaland har folk på heiltid / engasjert konsulentar m.v. som jobbar for dei. No er det kort tid til den fyrste viktige fristen som er 3. april, og regionrådsleiar og dagleg leiar føreslår derfor at me brukar litt fagekspertise for å få laga eit best mogeleg fagleg innspel til 3. april. Nordhordland Næringslag støttar det forslaget. Bergen må også kontaktast slik at dei støttar dette prosjektet (noko dei var heilt tydelege på i innspelskonferansen 19. februar).</p> <p>Alver har drøfta innspel til NTP i formannskapet, og ønskjer at Regionrådet lagar eit skriv, og at Alver sluttar seg til dette. Det er viktig at kommunane er koordinerte med sine innspel. Det må vera tydeleg at E39 Vågsbotn - Klauvaneset er fyrste prioritet. Andre prosjekt må også nemnast.</p> <p>Vedtak: Regionrådet var samde om at det er særskilt viktig å kjempa for prosjektet og gir dagleg leiar fullmakt til å henta inn fagleg hjelp til innspelsbrevet.</p>

Knarvik, 20. mars 2020



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS